

Tabell 1-fk

Rammetilskot til fylkeskommunane 2025

Rammetilskotet til fylkeskommunane blir løyvd over kap. 572, post 60–62 på statsbudsjettet. Samla rammetilskot er vist i kolonne 3 – *Sum rammetilskot 2025*.

Innbyggjartilskotet med utgiftsutjamninga er berekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. juli 2024. Inntektsutjamninga er òg ein del av rammetilskotet, som skjer gjennom budsjettåret, etter kvart som skatteinntektene ligg føre. I inntektsutjamninga blir det nytta innbyggjartal per 1. januar 2025. Rammetilskotet til den einskilde fylkeskommune blir justert som ein del av inntektsutjamninga. Den endelege inntektsutjamninga er ikkje klar før i februar 2026 og er såleis ikkje med i berekninga av rammetilskotet i denne tabellen. Det endelege rammetilskotet blir difor klart først i februar 2026.

Kolonne 1 – Innbyggjartilskot (post 60)

Kolonne 1 viser innbyggjartilskotet medrekna utgiftsutjamninga, tilskot med ei særskild fordeling og overgangsordninga. Sjå tabell 2-fk for meir detaljert dokumentasjon av innbyggjartilskotet.

Kolonne 2 – Nord-Noreg-tilskot (post 62)

Nord-Noreg-tilskotet blir berekna som eit beløp per innbyggjar til fylkeskommunane i Nord-Noreg. Tilskotet er berekna ut frå talet på innbyggjarar per 1. januar 2024. Satsen for 2025 er justert med anslått pris- og kostnadsvekst for kommunesektoren, og er 1 665 kroner per innbyggjar. Satsen er lik for alle fylkeskommunane i Nord-Noreg.

Kolonne 3 – Sum rammetilskot 2025

Sum av kolonnane 1–2.